

Stiftelsestilsynet – hjelpeskjema

Hjelpeskjema skal fyllast ut av søkeren og leggest ved
søknad om beslagsfridom

Stiftelsestilsynet kan etter nærare reglar gjere vedtak om beslagsfridom etter dekningsloven § 3-9. Midlar som kan gjerast beslagsfrie etter dekningslova § 3-9 (jf. dekningslova § 2-7 bokstav d til g) er følgjande:

- d) underhaltsbidrag som du (skuldaren) har krav på til deg sjølv
- e) pensjon eller anna yting etter lovgjevinga om offentleg trygd eller liknande
- f) erstatning eller oppreisning for skade på kropp eller helse eller for tap av forsørgar
- g) midlar innsamla offentleg til skuldaren

For at Stiftelsestilsynet skal kunne behandle søknaden, må du sende oss dokumentasjonen nemnt nedanfor. Manglande dokumentasjon vil føre til at søknaden blir avvist/avslått.

Kontrollér difor at følgjande vurderingar er gjort, og at dei nødvendige dokument er lagt ved:

| | kryss av |
|---|--------------------------|
| 1. Grunlaget for beslagsfridomen Det må sendast inn kopi av vedtak om tilkjent vederlag/erstatning som det blir søkt beslagsfridom for. | <input type="checkbox"/> |
| 2. Kva beløp det blir søkt beslagsfridom for Det må gjerast greie for om det blir søkt beslagsfridom for heile eller deler av vederlaget/erstatningssummen. | <input type="checkbox"/> |
| 3. Oversikt over alle kreditorar med organisasjonsnummer og adresseliste Kreditorane dine er part i saka når du søker om beslagsfridom. Som ein del av saksbehandlinga vil Stiftelsestilsynet, før det blir fatta vedtak i saka, sende ein kopi av søknaden om beslagsfridom til kreditorane dine, slik at dei kan uttale seg i saka. | <input type="checkbox"/> |
| 4. Forslag om tillitsmann Dersom midlene blir gjort beslagsfrie, skal Stiftelsestilsynet oppnemne ein tillitsmann. Du som er eigar av dei beslagsfrie midlane, skal foreslå tillitsmann. Tillitsmannen må vere ein bank, ein advokat eller etter nærare reglar statsforvalteren, jf. dekningsloven § 3 - 4. | <input type="checkbox"/> |

Søknaden skal sendast til Stiftelsestilsynet, Postboks 800, 6805 Førde.